

# Diskusjonsmøte om areal og arealbruk i lågutsleppssamfunnet

Organisert av Klimautvalet 2050

Helsfyr, Oslo, 17.11.2022

Referat

## Til stades

Inviterte deltakarar	Maria Pettersvik Arvnes, Norges Fiskarlag (digitalt) Pernille Bügel, Norges Bondelag (digitalt) Maarten van der Eynden, Nye Veier AS Torild Fagerbekk, KS Øistein Schmidt Galaaen, Norwea Marte Haabeth Grindaker, Statkraft Hege Hansesveen, Veidekke Tonje Kristiansen, Framtiden i våre hender Elle Merete Omma, Samerådet Vegard Pettersen, Energi Norge Anne Marit Post-Melbye, Zero Linn Solberg, YS Rolf Jarle Aaberg, Treklyngen Maja Aarønæs, SABIMA
Inviterte innleiarar	Aud Tennøy, Transportøkonomisk Institutt Vigdis Vandvik, Universitetet i Bergen
Frå utvalet	Martin Skancke, utvalsleiar (andre medlemmar av utvalet følgde møtet digitalt)
Frå sekretariatet	Ellen Bruzelius Backer Frid Fjose Berg Steffen Kallbekken Bård Lahn Elen Richter Alstadheim (digitalt)

## **Velkommen**

Martin Skancke (utvalsleiar) ønskte velkommen og innleia om arbeidet til Klimautvalet 2050. Ellen Bruzelius Backer (sekretariatet) orienterte om opplegget for dagen.

## **Fagleg innleiing frå Vigdis Vandvik, Universitetet i Bergen**

Vandvik innleia om arealbruk og arealbruksendringar i Norge og globalt, og kva som gjer arealbruk viktig både for karbonlagring og naturmangfald. Innleiinga viste at det finst store karbonlager i norsk natur, og at korleis vi disponerer areal har stor innverknad på opptak og utslepp av klimagassar.

## **Fagleg innleiing frå Aud Tennøy, TØI**

Tennøy innleia om arealutvikling og utvikling av transportsystem, og korleis desse påverkar kvarandre. Innleiinga framheva at utbygging bustader som byspreiing, lokalisering av statlege verksemdar på feil sted, nye hyttefelt og store motorveier alle bidrar til nedbygging av natur og andre grønne areal, store utslepp i byggefasen og økte utslepp frå transport når de er ferdige. Stat og kommune bestemmer at dette skal skje, og dei kan bestemme at det ikkje skal skje. Da vil de spare både natur, areal og klimagassutslepp.

## **Innlegg frå inviterte deltakarar**

Deltakarane i diskusjonsmøtet vart invitert til å gi sine perspektiv, særleg knytt til tre spørsmål:

1. *Korleis vil arealbruken til din organisasjon / gruppe vere i eit lågutsleppssamfunn?*
2. *Korleis brukar vi areala i eit lågutsleppssamfunn, og korleis passer din arealbruk til dette?*
3. *Kva vil denne arealbruken få å seie for tilgang på kraft og biomasse?*

Ulike perspektiv på desse spørsmåla vart drøfta av deltakarane:

- Fleire deltakarar viste til reelle dilemma knytt til arealbruk i omstillinga til låge utslepp. Dette gjeld areal både til lands og til havs. Mange tiltak for å redusere utslepp krev auka tilgang på kraft, som vil medføre arealinngrep både til produksjon og overføring.
- Samtidig er naturverdiar, tradisjonelle næringar som reindrift og andre arealomsyn allereie under sterkt press frå nedbygging til andre føremål som bustader, hyttebygging, vegbygging og industri.
- Fleire deltakarar etterlyste eit tydelegare grunnlag for prioritering mellom ulike arealomsyn.
- Fleire viste og til at det er mogleg å ta omsyn til at det vil vere knapt med areal tilgjengeleg til omstillinga: Ved å planlegge for fortetting, bruk av gråareal til energiproduksjon og utbygging, og gjenbruk av eksisterande infrastruktur framfor nybygging kan ein redusere belastninga og nedbygging av nytt areal.
- Å stille tydelege krav gjennom konsesjonstildeling og planprosessar kan bidra til å avklare forventningar og gi føreseielege vilkår for utbyggjarar, og kan jamvel bidra til teknologiutvikling for meir arealeffektive løysingar.
- Vektinga av ulike omsyn i konsekvensutgreiingar, både dei verdiane som er talfesta og dei som ikkje er det, er viktig. Samtidig spelar politiske prioriteringar ei viktig rolle.
- Mange deltakarar viste til at det trengst et betre kunnskapsgrunnlag for å kunne treffe gode avgjerder om arealbruk. Mellom anna vart det nemnt at det trengst meir kunnskap om marine økosystem og karbonlagra der, betre kartlegging av naturtypar og artar, og betre verktøy for å prissette natur og areal.

## **Avslutning**

Utvalseiar Martin Skancke oppsummerte diskusjonen og takka for innspela til det vidare arbeidet i Klimautvalet 2050.